

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
<b>Norsk</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kjenna att retoriske verkemiddel (etos, logos, patos) i argumenterande tekstar</li><li>• Arbeida med struktur på saktekst</li></ul>
<b>Engelsk</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Bokprosjekt<ul style="list-style-type: none"><li>○ Lytta til og lesa i ei engelsk bok</li><li>○ Skriva oppsummeringar med relevant informasjon</li><li>○ Skapa ei eiga mening og argumentera for ho</li></ul></li></ul>
<b>Matematikk</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Illustrera eit matematisk problem ved teikning</li><li>• Bruka hovudrekning for å finna den ukjende variabelen i enkle likningar</li><li>• Løysa enkle likningar ved hjelp av addisjon og subtraksjon</li></ul>
<b>Samfunnsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Verta kjend med dei grunnleggjande rettane som gjeld i det norske arbeidslivet</li><li>• Samtala om korleis arbeidarrettane er i ulike land</li><li>• Forklara korleis me som lev i 2024 er eit produkt av den industrielle revolusjonen</li></ul>
<b>KRLE</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Diskutera etiske spørsmål</li><li>• Samtala om filosofi</li><li>• Forklara omgrep knytt til etikk</li></ul>
<b>Naturfag</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Forklara skilnaden på stillingsenergi og rørsleenergi (bevegelsesenergi)</li><li>• Gje døme på energioverføring og situasjonar der energi blir omdanna frå ei form til ei anna.</li><li>• Gje døme på ulike energikjelder</li></ul>
<b>Spansk</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Å seia kva du vil kjøpa</li><li>• Å seia kva du vil ha / ikkje vil ha</li><li>• Å spørja om kva noko kostar</li><li>• Å snakka om mat og klede</li><li>• Kunna fargar på spansk</li><li>• Kunna lista opp verb med vokalforandring</li><li>• Forklara litt om mattradisjonar i Spania, Latin-Amerika og Norge</li></ul>
<b>Tysk</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Snakka og skriva om vener og familie</li><li>• Bruka høfleg form</li><li>• Seia at noko eller nokon tilhøyrer deg</li><li>• Skildra personar</li><li>• Seia kva du kan, vil eller skal gjere</li></ul>
<b>Eng fordj</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Presentera ei historisk hending</li><li>• Arbeida med vokabular knytt til mat og mattradisjonar</li></ul>
<b>Kroppsøving</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Øva på og gjennomføra danseaktivitetar frå ungdomskulturen og andre kulturar, og skapa og presentera dansekomposisjonar i lag med medelevar.</li><li>• Bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein sånn måte at det kan medverka til framgong for andre.</li></ul>

<b>K&amp;H</b>	<p><b>Broderi</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Finna motiv og laga mønster til eige arbeid</li> <li>• Brodera eit mønster som liknar skissa og mønsteret ditt</li> <li>• Laga prosessnotat</li> </ul> <p><b>Skulptur</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Visualisera form ved hjelp av frihandsteikning og arbeidsteikning</li> <li>• Formgje tre</li> <li>• Bruka ulike verktøy og material på ein hensiktsmessig og miljøbevisst måte</li> <li>• Vurdera haldbarheita til materialet</li> <li>• Presentera val frå idé til ferdig resultat i eit enkelt prosessnotat</li> </ul>
<b>Kantine</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Laga god og ernæringsriktig mat</li> <li>• Halda god hygiene</li> <li>• Jobba med rekneskap og plakatdesign</li> <li>• Gjennomføra sal</li> </ul> <p>Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøker</p>
<b>Fys.ak.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øva på og gjennomføra bevegelsesaktivitetar aleine og saman med andre.</li> <li>• Inkludera alle, samarbeida og oppmuntra medelevar til å delta i fysisk aktivitet.</li> </ul>
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomføre turar, ferdast trygt og sporlaust</li> <li>• Ta vare på seg sjølv og andre</li> <li>• Vurdera bruk av utstyr og klede</li> <li>• Forstå og nytta teknikkar knytt til kart, tau og førstehjelp</li> </ul>
<b>Programmering</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Designa eit spel med eige design og funksjonalitet</li> </ul>
<b>Design</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utforska og diskutera eksisterande produkts design og materiale i eit livssyklusperspektiv</li> <li>• Designa og redesigna i ulike materiale på ein kostnadseffektiv og miljøbesparende måte</li> <li>• Bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale</li> </ul>
<b>Olweus</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis snakkar me til og om kvarandre på trinnet?</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

### Miljøet på trinnet

I det siste har det vore mange elevar i god aktivitet ute i friminutta. Det går i fotball, basket, hoppetau og anna leik. Me opna opp att for aktivitet i gymsalen og å vere inne i matpausen igjen i veke 15, fordi elevane viste stor betring i atferd. Det har stort sett gått veldig fint, og me håper me kan halde det slik vidare utover våren. Det aukar trivselen for alle på trinnet når me har det kjekt i lag, snakker fint til kvarandre og behandler kvarandre med respekt.

Helsing oss på 8.trinn

<b>HEIMEARBEID VEKE 16</b>	
<b>Norsk</b>	<p>Les denne fagartikkelen: <a href="http://aunivers.no">Bør ungar velje lag sjølve i gymtimen? - Aschehoug univers (aunivers.no)</a></p> <p>Skriv opp kva argument forfattaren av fagartikkelen brukar.</p>
<b>Engelsk</b>	Du skal lese tre kapittel i boka. Avtal med læraren din kva time du skal ha lese dei.
<b>Matematikk</b>	<p><b>Repetisjonsoppgåver</b></p> <p>Oppgåveboka s. 106-108, nr 1, 2, 3, 4 og 5 (Ta med regelboka og grunnboka heim.)</p> <p>Ta bilete av leksea og last opp på OneNote, heimearbeid, veke 17</p>
<b>Samfunnsfag</b>	Kva reglar gjeld for ein ungdom som vil arbeida i Noreg i 2024? Finn svaret på spørsmåla du finn på ON.
<b>KRLE</b>	Du finn eit dilemma på ON-sida til denne vekas heimearbeid. Skriv ein tekst på minst tre avsnitt der du prøver å løysa dette dilemmaet. Det er ikkje konklusjonen din som er viktig, men at du får vist korleis du tenker.
<b>Naturfag</b>	Les s. 148 og 149 i Solaris. Notér ord som du må kunna forklara. Skriv minst ei faktasetning frå kvart avsnitt.
<b>Spansk</b>	Gloseprøve på torsdag. Temaet er mat.
<b>Tysk</b>	On-Hjemmearbeid-Woche 16
<b>Eng fordj</b>	Førebu deg til presentasjonen på torsdag.
<b>Arbeidslivsfag</b>	Oppmøte i kantina på torsdag.
<b>Kroppsøving</b>	<p>Gym: Dans i gruppe</p> <p>Symjing: Oddetalsveker: 8 A+B. Partalsveker: 8 C+D.</p>
<b>Friluftsliv</b>	<p>Møt i 8B sitt klasserom.</p> <p>Tema: Allemannsrett, Båtførerprøven, førstehjelp, HLR, kanopadling og leirplass</p>
<b>Programmering</b>	Hugs fullada iPad. Jobb med fordjupingsoppgåva. Skriv logg kvar onsdag.

<b>HEIMEARBEID VEKE 17</b>	
<b>Norsk</b>	Les 40 minutt i boka di. Registrer lesinga di på ON.
<b>Engelsk</b>	Spel inn ei lydfil på ON der du svarar på desse spørsmåla: <ul style="list-style-type: none"> <li>• What do you think of the book so far? What do you enjoy the most? Explain why with at least 3 full sentences.</li> <li>• How do you think the book is going to end? Explain with at least 3 full sentences.</li> </ul>
<b>Matematikk</b>	<b>Å løysa eit problem ved hjelp av teikning</b> Oppgåveboka s. 135 og 136, oppg. 3.156, 3.157, 3.158, 3.159 (Ta med regelboka og grunnboka heim). Ta bilete av lekse og last opp på OneNote, heimearbeid, veke 17
<b>Samfunnsfag</b>	Lag ein plakat med rettane ein ungdom i 2024 har dersom vedkommande vil arbeida. Bruk heimearbeidet frå førre veke og <a href="#">Arbeidstilsynet sine nettsider</a> som base. Lever skjermdump av plakaten din på ON.
<b>KRLE</b>	Kva verdiar er viktig for deg? Har du noko du meiner er så viktig at du viser det din aller største respekt ("dette er heilag for meg")? Lag ei liste over verdiar du meiner er viktige.
<b>Naturfag</b>	<b>Energi blir omdanna og overført</b> Les s. 150 og 151 Notér ned ord du må kunna forklara. Stopp opp etter kvart avsnitt og tenk gjennom kva det handla om. <b>Forklar orda skriftleg:</b> energikjede, friksjon, energibevaring og energikvalitet.
<b>Spansk</b>	Gjer oppgåver frå side 81, Gente 8 Ejercicios. Lever på Onenote.
<b>Tysk</b>	Leksesjekk på torsdag. ON-Hjemmearbeid-Woche 17
<b>Eng fordj</b>	Les og oversett "Fast Food, I`m loving it?", som du finn på Innhaldsbiblioteket på ON.
<b>Arbeidslivsfag</b>	Torsdag: bedriftsbesøk til Bryne Rør. Hugs sykkel og hjelm!
<b>Kroppsøving</b>	Gym: Dans i gruppe Symjing: Oddetalsveker: 8 A+B. Partalsveker: 8 C+D.
<b>Programmering</b>	Hugs fullada iPad. Jobb med fordjupingsoppgåva. Skriv logg kvar onsdag.
<b>Friluftsliv</b>	Møt i 8B sitt klasserom. Tema: Planleggje tur, læra padleteknikk og kameratberging